




Økonomiavdelinga

Det kongelige Finansdepartement
Pb.8008 Dep

0030 OSLO



Jondal kommune
5627 JONDAL
Tlf. 53 66 95 00
Faks 53 66 95 10
e-post post@jondal.kommune.no
www.jondal.kommune.no
Org.nr 944 439 927
Bank 3450.07.08206
Sakshandsamar:
E-post morten.aasbo@jondal.kommune.no
Tlf. 53 66 95 41

Dykkar ref.
04/2176 SLLCT/KR

Vår ref.
08/703-4 /MBA/08/3627

Arkiv:
N-111

Dato
27.11.2008

JONDAL KOMMUNE SIN UTTALE OM GRENSE FOR EIGEDOMSSKATT I SJØOMRÅDE

Viser til utsendt høyring-forslag om grense for utskrivning av eigedomsskatt i sjøområde.

Saka vart handsama i formannskapet i Jondal kommune, FS sak 063/08.

Vedlagt følgjer sakspapira med uttalen frå kommunen.

Med helsing

Morten B. Aasbø
Økonomisjef

Eli G. Torsnes
Sekretær



SAKSGANG			
Utval	Møtedato	Saksnr. i utval	
Formannskapet	24.11.2008	063/08	
Saksbeh:	Saka vert avgjort av:	Arkiv:	Arkivsaknr.
Morten B. Aasbø	Formannskapet	N-111	08/703

HØYRING – FORSLAG OM GRENSA FOR UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT I SJØOMRÅDET

Dokument i saka:

Dok.nr.	T	Dok.dato	Namn	Tittel
1	I	20.10.2008	Det kgl finansdepartement	HØYRING – FORSLAG OM GRENSA FOR UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT I SJØOMRÅDET

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Saksopplysningar:

I Høyringsnotatet frå Finansdepartementet er det skissert tre alternativ som kan vera aktuelle å bruka ved fastsetjing av grense for eigedomsskatt i sjøområde. Desse tre alternativa vil me gjengi her:

Definisjon av Grunnlinje: "Grunnlinjene trekkes som en rett linje mellom de ytterste skjær ved lavvann langs kysten, tvers over fjordmunninger. Grunnlinjene danner utgangspunktet for å fastslå territorialgrensen, tilstøtende sone og den økonomiske sone.

Territorialgrensen er yttergrensen for norsk territorialfarvann, og trekkes 12. nautiske mil fra grunnlinjene. Et skatteobjekt som ligger i dette territorialfarvannet, men utenfor grunnlinjene, har liten eller ingen tilknytning til kommunen. En avgrensning til territorialgrensen synes av denne grunn lite forenlig med at skatten er kommunal. I enkelte tilfelle kan det også oppstå spørsmål om hvilken kommune som er rett skattekreditor, siden det bare i begrenset grad finnes omforente kommunegrenser så langt ut i sjøområdet. Dette tilsier at territorialgrensen ikke bør angi grensen for eendomsskattens utstrekning i sjøen.

Trekkes grensen ved marbakken, vil denne følge hele kystlinjen, herunder inn i alle bukter viker og fjorder. Dette innebærer at grenselinjen blir meget lang og svingete, og at grensen

vil gå tett inntil land. Med marbakken som grense vil mulighetene for avgrensingsproblemer og tvister trolig øke. Det vil innebære en videreføring av problemstillingen knyttet til installasjoner og anlegg som ligger både innenfor og utenfor marbakken. Som for eksempel flytedokker, bryggeanlegg, oppdrettsanlegg med tilknytning til land, ledninger og kabler mv. Videre vil mange anlegg og installasjoner litt utenfor ha en nær tilknytning til kommunen. Likhets hensyn tilsier at kommunene bør ha adgang til å skrive ut eiendomsskatt på slike objekter. Dette taler for at eiendomsskattelovas virkeområde i sjøområde trekkes lenger ut enn ved marbakken.

Grunnlinjene danner yttergrense for de indre farvann, og utgangspunktet for beregningen av sjøterritoret. Dersom grunnlinjene settes som grense for kommunenes adgang til å skrive ut eiendomsskatt, kan antall grensetilfeller og konfliktpotensialet reduseres, sammenlignet med en avgrensning til marbakken eller territorialgrensen. I tillegg vil en avgrensning til grunnlinjene innebære at kommunene kan skrive ut eiendomsskatt på anlegg og installasjoner som har tilknytning til kommunen. Anlegg og installasjoner utenfor grunnlinjene vil i de fleste tilfelle ha en mindre tilknytning til kommunen, og begrunnelsen for å skrive ut eiendomsskatt i sjøområde gjør seg i mindre grad gjeldende for disse. Grunnlinjene har også vært brukt som avgrensning av kommunal kompetanse i annen lovgivning, som for eksempel plan- og bygningsloven.”

På bakgrunn av det ovanstående foreslår departementet at grunnlinjene settes som grense for eiendomsskattelova sitt virkeområde i sjøområdet.

Vurdering:

For vår kommune vil det ikke vera forskjell om det vert grunnlinja eller territorialgrensa. For vår del vil det verta forskjell på marbakken og grunnlinja, og me er heilt samde med finansdepartementet om at det ikke bør vera marbakken. I vår uttale vel me likevel å uttala oss om grensene på prinsipielt grunnlag, og om korleis me ville ha sett på dette problemet dersom me som kommune låg geografisk til slik at det ville vera forskjell på eiendomsskatten om grensa går ved grunnlinja eller territorialgrensa. Vårt syn er då at territorialgrensa er den grensa som bør gjerast gjeldande. Det er tross alt dei aktuelle kommunane som får føla ”ting på kroppen” når det skjer ulukke med eller utan forureining i sjøområde. Det er då naturleg at dei får eiendomsskatt frå dette område. Så lenge eiendomsskatten er 100% kommunal så reknar me med at staten ikke har moglegheit for å skattleggje objekta for tilsvarande skatt. For å få størst likskap med verksemder på land, så held me fast på territorialgrensa.

Me tolkar høyringa slik at det berre er grensa for eiendomsskatt me skal uttala oss om, og ikke andre relevante spørsmål/problemstillingar ved utskriving av eiendomsskatt i sjøområde. Me tillet oss likevel å ta med eit lite avsnitt om problemet med skattlegging av oppdrettsanlegga. Det vert lite eiendomsskatt på slike anlegg då dei ofte er flyttbare innretningar, og i mindre grad fast eiendom og anlegg. For at kommunane skal få tilbake noko for dei store areala desse nyttar i sjøområde, ville det vore på sin plass med ei arealavgift/volumavgift i staden for å nytta eiendomsskatt.

Jondal Kommune gjev slik uttale:

TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

Jondal kommune sin uttale om grense for eigedomsskatt i sjøområde.

1. Innleiing og konklusjon

Me syner til brev av 20. oktober 2008 der Finansdepartementet presenterer høyringsnotat med forslag om å endra eigedomsskattelova, slik at grensa for kommunen sin moglegheit til å skriva ut eigedomsskatt i sjøområde vert trekt ved grunnlina frå skatteåret 2009. Fristen for høyringsmerknader er sett til 2. desember 2008

Jondal kommune meiner at grensa for utskriving av eigedomsskatt skal vera territorialgrensa, og ikkje grunnlinja (eller marbakken).

2. Grunngeving

For vår kommune vil det ikkje vera forskjell om det vert grunnlinja eller territorialgrensa. For vår del vil det verta forskjell på marbakken og grunnlinja, og me er heilt samde med finansdepartementet om at det ikkje bør vera marbakken. I vår uttale vel me likevel å uttala oss om grensene på prinsippielt grunnlag, og om korleis me ville ha sett på dette problemet dersom me som kommune låg geografisk til slik at det ville vera forskjell på eigedomsskatten om grensa går ved grunnlinja eller territorialgrensa. Vårt syn er då at territorialgrensa er den grensa som bør gjerast gjeldande. Det er tross alt dei aktuelle kommunane som får føla "ting på kroppen" når det skjer ulukker med eller utan forureining i sjøområde. Det er då naturleg at dei får eigedomsskatt frå dette område. Så lenge eigedomsskatten er 100% kommunal så reknar me med at staten ikkje har moglegheit for å skattleggje objekta for tilsvarende skatt. For å få størst likskap med verksemder på land, så held me fast på territorialgrensa.

3 Andre tilhøve

Me tolkar høyringa slik at det berre er grensa for eigedomsskatt me skal uttala oss om, og ikkje andre relevante spørsmål/problemstillingar ved utskriving av eigedomsskatt i sjøområde. Me tillet oss likevel å ta med eit lite avsnitt om problemet med skattlegging av oppdrettsanlegga. Det vert lite eigedomsskatt på slike anlegg då dei ofte er flyttbare innretningar og i mindre grad fast eigedom og anlegg. For at kommunane skal få tilbake noko for dei store areala desse nyttar i sjøområde, ville det vore på sin plass med ei arealavgift/volumavgift i staden for å nytta eigedomsskatt.

*Ragnvald Joakimsen
assisterande rådmann*

24.11.2008 Formannskapet

Jondal kommune sin uttale om grense for eigedomsskatt i sjøområde.

1. Innleiing og konklusjon

Me syner til brev av 20. oktober 2008 der Finansdepartementet presenterer høyringsnotat med forslag om å endra eigedomsskattelova, slik at grensa for kommunen sin moglegheit til å skriva ut eigedomsskatt i sjøområde vert trekt ved grunnlina frå skatteåret 2009. Fristen for høyringsmerknader er sett til 2. desember 2008

Jondal kommune meiner at grensa for utskriving av eigedomsskatt skal vera territorialgrensa, og ikkje grunnlinja (eller marbakken).

2. Grunngeving

For vår kommune vil det ikkje vera forskjell om det vert grunnlinja eller territorialgrensa. For vår del vil det verta forskjell på marbakken og grunnlinja, og me er heilt samde med finansdepartementet om at det ikkje bør vera marbakken. I vår uttale vel me likevel å uttala oss om grensene på prinsippielt grunnlag, og om korleis me ville ha sett på dette problemet dersom me som kommune låg geografisk til slik at det ville vera forskjell på eigedomsskatten om grensa går ved grunnlinja eller territorialgrensa. Vårt syn er då at territorialgrensa er den grensa som bør gjerast gjeldande. Det er tross alt dei aktuelle kommunane som får føla "ting på kroppen" når det skjer ulukker med eller utan forureining i sjøområde. Det er då naturleg at dei får eigedomsskatt frå dette område. Så lenge eigedomsskatten er 100% kommunal så reknar me med at staten ikkje har moglegheit for å skattleggje objekta for tilsvarande skatt. For å få størst likskap med verksemder på land, så held me fast på territorialgrensa.

3. Andre tilhøve

Me tolkar høyringa slik at det berre er grensa for eigedomsskatt me skal uttala oss om, og ikkje andre relevante spørsmål/problemstillingar ved utskriving av eigedomsskatt i sjøområde. Me tillet oss likevel å ta med eit lite avsnitt om problemet med skattlegging av oppdrettsanlegga. Det vert lite eigedomsskatt på slike anlegg då dei ofte er flyttbare innretningar og i mindre grad fast eigedom og anlegg. For at kommunane skal få tilbake noko for dei store areala desse nyttar i sjøområde, ville det vore på sin plass med ei arealavgift/volumavgift i staden for å nytta eigedomsskatt.